

Program for Ulvik Venstre 2023-2027



VENSTRE



Venstre tar Ulvik framover.

Visjon

Me vil skapa eit herad der det er godt å bu, der me har god plass, tek vare på naturen, kulturen og tradisjonane våre, samstundes som me har eit tydeleg blikk framover når me skal omstilla og tilpassa oss ei meir ustabil verd og eit samfunn i endring.

Ulvik herad skal vera prega av transparente politiske og administrative prosessar, ha fokus på god folkehelse i alle aldrar og eit heilskapleg omsyn til berekraft.

Me ynskjer at både eksisterande og nye næringar vert møtt av eit herad som legg til rette og aktivt stimulerer til etablering og utvikling.

Ulvik herad må vere så attraktiv at me får tak i den kompetansen me treng, og snur befolkningsnedgangen.



Foto: Håkon Gjerde

God dialog og kommunikasjon mellom innbyggjarane, politikarar og administrasjon

Det skal vere låg terskel for å kontakte heradet, både politisk og administrativt. I eit lite herad med få innbyggjarar er det særleg viktig å vere open og gje god informasjon om saker innanfor det som er høveleg med omsyn til offentlegheitslova.



Venstre vil:

- Opprette fast tidspunkt for ordførarkontor på ulike stadar i Ulvik der folk enkelt, og utan avtale, kan kome i prat med ordførar om små og store saker. Ha ope kalender for ordførar på heradet sine sider og nytte sosiale medium aktivt.
- Alle møte i heradstyre, formannskap og andre offentlege råd og utval skal direktesendast og det skal leggjast ut video i etterkant.
- Faste møtepunkt mellom politiske organ og dei ulike einingane.
- Halde opne møter for innbyggjarane for å sikre gode innspeil og høve for medverknad på utvikling av Ulvik.
- At nytiflytte til Ulvik får ein fast kontaktperson fyrste året som vil vere ein fadder i møtet med heradet og bygda.
- At samhandling mellom foreldre og skule/barnehage vert styrka slik at barna våre har ein trygg og god oppvekst å byggja framtida si på.
- Arbeide for betre digital infrastruktur til verksemder og private, slik at fleire kan bu i Ulvik og fjernjobbe via internett. Me vil òg stimulere til at det er gode felles kontorfasiliteter tilgjengeleg for dei som treng det.
- Oppretthalde ein tett dialog med fylkes- og stortingspolitikarane for å sikre at Hardanger produksjonsskule vert eit varig tilbod.



Trygg oppvekst og god folkehelse

For å skape god folkehelse må dette vera eit gjennomgripande fokus for alle delar av heradet. Mangfald i aktivitetar, god tilrettelegging og kvalifiserte fagpersonar er nokre av faktorane som trengs for å lukkast. Ein god og heilskapleg arealpolitikk er avgjerande for å skape eit godt lokalsamfunn.



Venstre vil:

- Utvikla sentrum til å verte ein triveleg møteplass for alle, med mogleik for å slappa av og å leika i trygge og helsefremjande omgjevnader. Me må sikre inkluderande og attrative grøntområder i sentrum.
- Arbeide for ein langsiktig og gjennomgåande plan for rekruttering av kvalifisert personell til stillingar i helse- og oppvekstsektoren som krev fagkompetanse og høgare utdanning.
- Me ynskjer å prioritere skulen med attraktive løns- og arbeidsvilkår slik at me får tak i og halde på den kompetansen skulen treng. Bidra med eigne midlar for å sikre at dei tilsette i skule og barnehage kan ta del i «kompetanse for kvalitet»-tilbodet.
- Satse på eit variert tilbod for fysisk aktivitet i Ulvik, både organisert og uorganisert idrett, men også legge til rette for eit variert fritidstilbod for alle.
- Legge til rette for at skulen og barnehagen kan vidareutvikle si tilknyting til lokalt næringsliv, fjell, fjord og kultur.
- Ha lærlingar i alle avdelingar i heradet.
- Ta del i programmet om å verte ein «Trafikksikker kommune».
- Prioritere ein barnehage med lang opningstid og fleksibelt opptak gjennom året er teneste som gjer at fleire kan bu i Ulvik og arbeide i nabokommune.
- Halde fram med varm mat i skule, og fokus på næringsrik mat i barnehagen.

Miljø og næring

For å skapa bærekraftige lokalsamfunn lyt me styrka kommunen si rolle som samfunnsutviklar. Som medlem av Cittaslow-rørsla er det no på høg tid at Ulvik set berekraft som eit overordna prinsipp i all si politiske og administrative handsaming. Dersom ein ynskjer at landbruk, villrein, reiseliv, kraftproduksjon, nye og gamle næringar skal eksistere saman må ein ha fokus på balansepunktet mellom ulike interesser. Forvaltning og arealpolitikk etter innfallsmetoden fører sjeldan med seg den naudsynte balansen som berekraft krev.



Venstre vil:

- FN sine berekraftmål er grunnfjellet i Venstre sin politikk og me vil kjempe for å fylje desse i alle saker. Berekraftsmåla må vere grunnlaget i alle heradet sine planar og politiske saker.
- Føre ein aktiv arealpolitikk der ein får variasjon i bustadmarknaden samstundes om ein opprettheldt jordvern og landbruksinteresser. Venstre ynskjer å innføre arealrekneskap slik at me vert arealnøytrale.
- Innføre eigne ENØK-tiltak for at innbyggjarane i Ulvik kan produsere eigen straum, gjennomføre tiltak for energiøkonomisering og fornying av eldstadar.
- Arbeide aktivt for at eksisterande kraftverk vert oppgradert og fornya.
- Ta ei tydeleg rolle i dei samarbeidsorgan som har ansvar for høgfjellet og sikre heradet sine interesser med omsyn til både landbruk, viltforvaltning og reiseliv.
- Arbeide for eit betre og meir samordna kollektivtilbod i regionen og oppretthalde låge billettprisar slik at fleire kan nytte buss i staden for eigen bil.
- Utvikle Ulvik som ein båtdestinasjon med god gjestehavn og lett tilgang til fjorden fleire stader.

Ulvik i framtida

I Ulvik har me alle høve til å leve gode liv der me er tett på naturen, anten som utsikt, leikeplass eller arbeidsplass. I framtida må me ta vare på naturen vår, samstundes om me utviklar korleis me nyttar oss av den.

Landbruket har vore ein berebjelke i Ulvik der tradisjonar og omstilling har gått hand i hand gjennom generasjonane. I framtida vil synergien mellom folkehelse, berekraft og økonomi koma landbruket til nytte då det kan skapast nye arbeidsplassar, gode levekår og læringsarenaer mellom frukttrær og beitande sauvar.



Venstre vil:

- Tilrettelege for arbeidspendling til andre kommunar er eit viktig framtidsretta tiltak. Dersom ein skal bu i Ulvik og arbeida ein anna stad må ein ha tilgang på godt internett for heimekontorløysing, trygge vegar å køyre på, god og rimeleg kollektivtrafikk og fleksibilitet i dei kommunale tenestene.
- Utgreie rehabilitering av eksisterande barnehage opp mot å bygge ny barnehage.
- Utvikle skeietomta i eit privat/offentleg samarbeid.
- At heradet har nokre bustader som kan nyttast som ”prøvebustader” for nytiflytte ein periode. Dei får då teste ut korleis det er å leve og bu i Ulvik, før dei etablerer seg fast i eigne bustader.
- Utvikle sentrum universelt for innbyggjarar og tilreisande i alle aldrar. Det skal vere gode møteplassar, inne og ute der folk kan treffast og vere aktive saman, eller berre skravle over ein kopp kaffi.
- Sikre lett tilgang til fjorden og legge til rette for trygg og variert aktivitet ved, på og i fjorden.
- Utvikle høgfjellsamfunnet på Finse vidare på ein bærekraftig måte.

Ordførarkandidaten

Håkon Gjerde

Eg er 53 år, utdanna Cand. scient ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet. Eg har tidligare arbeidd både i kommunal (Ulvik og Eidfjord) og statleg (landbruksdirektoratet) landbruksforvaltning.

Dei siste 18 åra har eg arbeidd i vidaregåande skule, først som elevinspektør på Hjeltnes vgs og Voss gymnas, og no dei siste 5 åra som leiar ved Hardanger produksjonsskule på Hjeltnes.



Eg har vore aktivt med i politikken i Ulvik sidan familien flytta heim i 2003. Eg har 3 periodar i heradsstyre, to periodar i formannskapet og ein periode i kontrollutvalet.

Både gjennom arbeidet mitt og ved å framleis ha 3 barn i utdanningsalder er eg særleg oppteken av at **Ulvik skal vere ein trygg og god stad for dei unge og vekse opp**, med ein god barnehage og skule og eit variert fritidstilbod. Tidleg innsats i barnehage og skule er avgjerande.

Eg brenn òg for at samspelet mellom **landbruk og reiseliv** får utvikle seg vidare. Som CittaSlow- bygd må me utvikle Ulvik på ein berekraftig måte.

Det er mange gode krefter i Ulvik som med godt samarbeid kan lyfte bygda vidare framover. Eg ynskjer å bruke mi tid og mine krefter på å få alle til å dra i same retning til beste for Ulvik.

Godt val!



Ulvik Venstre sine kandidatar:



1. Håkon Gjerde (f.1969)

Ordførarkandidat

Avdelingsleiar
Hardanger produksjonsskule



2. Ingeborg Hellesnes Uppheim (f.1989)

Varaordførarkandidat

Verksamdsleiar, helse og omsorg



3. Sevre Vestrheim (f.1994)

Sivilingeniør
Hoberg & Vestrheim AS



4. Ingrid Sponheim (f.1985)

Lektor
Voss gymnas



5. Anders Kristoffer Oppheim (f.1957)

Kunderådgjevar
Sparebanken Vest



6. Katrina Kvåle Hellesnes (f.1989)

Sakshandsamar
Ulvik herad

7. Idar Vestrheim (f. 1973)

8. Jostein Thorsen (f. 1977)

9. Oddmund Jordal (f. 1960)

10. Maria De Fatima Vestrheim-Gomes (f. 1961)

11. Sjur Morten Rondestveit (f 1979)

12. Johannes Sponheim (f. 1989)

13. Trine Ludvigsen (f. 1969)

14. Carsten Philipp Hjeltnes (f. 1969)

15. Halima Alrarshid (f. 1984)

16. Jarle Vestrheim (f. 1965)

17. Ibrahim Alhamid (f. 1985)

18. Lina-Maria Rolland (f. 1995)

19. Gjermund Fleten (f. 1988)

20. Sigrun Uppheim (f. 1973)

21. Sigbjørn Øydvinn (f. 1969)

Venstre tar Ulvik framover.

Følg oss på sosiale medium Ulvik Venstre